

AVTALE

om samarbeid
om miljøretta helsevern

mellom

Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik

og

Årdal kommune



1. Bakgrunn

I 2004 vart det tidlegare kommunale næringsmiddeltilsynet sine oppgåver delt mellom kommune og stat – der Mattilsynet tok over dei fleste oppgåvene og vart eit statleg tilsyn, medan miljøretta helsevernoppgåvene forblei ei kommunal oppgåve. Miljøretta helsevern vart den gong oppretta som ei vertskommuneavtale mellom den gong, dei åtte kommunane i Indre Sogn. Etter kommunesamanslåing mellom Leikanger, Balestrand og Sogndal er dei gamle vertskommuneavtalane sagt opp og det er behov for reforhandling av avtalane.

2. Avtalepartar

Denne avtala gjeld mellom:

Aurland kommune
Lærdal kommune
Luster kommune
Sogndal kommune
Vik kommune
Årdal kommune

3. Føremål

Føremålet med ordninga er å gi støtte knytt til dei oppgåver kommunelegane/helseeiningane i den ein skilde kommune har innan miljøretta helsevern. Miljøretta helsevern er ei lovpålagd oppgåve etter folkehelselova kapittel 3.

Tenesta skal ha god fagleg kvalitet og tilstrekkeleg kapasitet.

Sogndal kommune yter tenester i form av tilsyn, kontroll og fagleg støtte etter denne avtalen i høve til kommunane sitt ansvar etter:

- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven), kapittel 3 Miljørettet helsevern
- Lov om vern mot tobakkskader
- Lov om vern mot smittsomme sykdommer når det gjeld skadedyr
- Barnehagelova

Det ligg ved eit oversyn over nærare spesifisering av forskrifter/oppgåver.

4. Organisering

Kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal er deltakarar i samarbeidet. Samarbeidet er organisert som eit vertskommunesamarbeid i samsvar med kapittel 20 i kommunelova. Sogndal kommune er vertskommune

Sogndal kommune har som vertskommune ansvar for å utføre oppgåvene i samsvar med gjeldande lovverk.

Tenesta er ein integrert del av Sogndal kommune sin administrasjon og vert styrt som ei ordinær delteneste knytt til tenesteeining helse. Her vil alt ansvar knytt til drifta av ordninga ligge; som budsjett/rekneskap, personalforvaltning, og praktiske støttefunksjonar.

Den faglege delen vert styrt av eit eige råd mellom dei som har ansvaret for miljøretta helsevern i den ein skilde samarbeidande kommune. Rådet utbareider årleg handlingsplan. Rådet utarbeider halvtårsplanar for møteverksemd og halvtårsplanar for tilsynsarbeid. Det blir utarbeidd årsrapport som blir sendt til kvar medlemskommune.

Den einskilde kommune kan og delegere til den som utøver funksjonane i ordninga mynde etter lovverket nemnd over.

Det opprettast ei styringsgruppe som held årlege styringsgruppemøter i vertskommunesamarbeidet, dette for at kommuneleiinga får oversyn over tenesta sitt utførte arbeid, oversyn over tilsynsplan, status for lukking av avvik, gjensidig informasjonsutveksling.

5. Kostnadar og økonomi

Vertskommunen har budsjettansvar og utarbeidar eit samla budsjett. Nettoutgiftene til ordninga skal fordelast etter følgjande fordelingsnøkkel:

30 % av utgiftene blir delt likt mellom deltakarkommunane
70 % etter omfanget av tilsynsobjekt i kommunane

Fordelinga vert gjort på bakgrunn av årlege rapportar. Kostnadene ved ordninga går fram av vedlagt budsjett.

Den einskilde kommune kan be om endringar av kostnadsomfanget dersom det skjer monalege endringar av inntekter eller utgifter for ordninga. Fagrådet skal vurdere det generelle ressursomfanget og kan føreslå fellesoppgåver/prosjekt som kjem alle/dei fleste av kommunane til gode.

Kommunane avklarar korleis slike fellesprosjekt ev. skal finansierast.

Sogndal kommune fakturerer med to à-kontorekningar og ei avrekning per år.

Vertskommunen sender ut faktura høvesvis 01.04 med forfall 01.05 og 01.08 med forfall 01.09.

Vertskommunen sender endeleg avrekning etter at rekneskapen er avslutta.

Rekneskapen skal førast slik at alle inntekter og utgifter inngår i grunnlaget for fordelinga mellom kommunane.

Kostnadane vert regulert etter løns- og prisjustering i statsbudsjettet.

6. Evaluering

Avtalen skal evaluerast ved behov etter initiativ frå ein av avtalepartane. Evalueringa skal minimum omfatte korleis avtalen fungerer opp mot behovet.

7. Rapportering

Rapportering til kommunane skal skje i samsvar med årshjul og omfattar økonomiplan og budsjett, halvårsrapport m/status for drift og årsrapport.

Som vist til i punkt 5, utarbeider fagrådet årshjul/halvtårsplanar for arbeidet som skal utførast. Rapportering skjer gjennom statusmøter med kommuneleiing, samt årsrapport for utført arbeid.

Ev endringar i ressursinnsats vert avklart i økonomiplan /budsjettarbeidet.

Kommunane skal få naudsynte rapportar frå vertskommunen for å kunne føre eige rekneskap og rapportere i Kostra.

8. Oppseiing

Ynskjer ein eller fleire av deltakarane i samarbeidsordninga å trekkja seg ut eller reforhandla avtalen i avtaleperioden må det meldast seinast 24 månader før det budsjettår utmeldinga

gjeld for. Ei slik melding skal innan ein månad sendast til dei andre kommunane i ordninga. Desse kommunane må innan 1 månad etter dette gje melding om dei ynskjer å gå ut av ordninga.

I fall opphøyr eller ein sterk reduksjon av omfanget i ordninga vert resultatet av ein eller fleire utmeldingar skal det avtalast ein kompensasjon til vertskommunen for dei kostnader den vil ha i samband med avviklinga.

Personalkostnadar som vertskommunen ikkje sjølv kan dekke inn ved å nytte ressursane i andre funksjonar skal fordelast på alle kommunane i inntil 1 år.

9. Tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist om tolking og/eller praktiseringa av denne avtalen, skal tvisten først søkast løyst i minneleg form. Dersom dette ikkje fører til semje, skal tvisten løysast ved voldgift i samsvar med Lov om voldgift av 14.05.2004 nr. 25.

Avtalen er utskriven i 6 eksemplar, eit til kvar av partane.

Vedlegg:

Oversikt over budsjettoppstilling med kostnadar, samt husleige.

Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik, Årdal, 17.06.2021

Steinar Sørgaard
rådmann Aurland kommune

Gunn Lerøy
rådmann Lærdal kommune

Jarle Skartun
rådmann Luster kommune

Tor-Einar Skinlo
konst. rådmann Sogndal kommune

Øystein Søvik
rådmann Vik kommune

Stig Stark-Johansen
rådmann Årdal kommune